

Nye Leirno Bru ferdig.

Av Odd S. Handeland.



Ny «Leirno Bru», den fjerde i manns minne.

Endeleg får ein tru dei har fått seg ei bru over Leirdøla om held ein støyt. Ein får vona at «Brimkjelen» ikkje får is-propp i holet, slik at den vert oppdemt, då kan det kanskje spørjast etter både bruer og demningar — I 1896 var det flaum i Leirdøla, ein flaum som var litt merkeleg — det var nemleg ikkje slik flaum i andre elvar i nærleiken. Så oppdaga dei «Brimkjelen» — ein gigantisk bredemt innsjø i ein sidedal til Tunsbergdalen. I 1900 fekk ein så storflaum att. Ei 100 år gamal bru for sin kos —.

Året 1926 kom Leirdøla med sin tredjesats, då for gamle kvelvingsbrua ved Leirno. Det var ei prektig bru, murt på kunstferdig vis — av gråstein.

På dette tidspunktet var volumet Brimkjelen rekna til omlag 25—30 millionar m³ — altså reint uhorveleg med vatn, som vart oppdemt.

Etter den fiste storflaumen, då sjølve Jostedalselva vart oppdemt, grunna att Leirdøla førde med seg så mykje stein og morene ut i elbefaret til «mor fi», fekk både ein og hin merka det — det fortelst at Allsmo-gardane vart halvt sett under vatn — og sjølvsgt Leirno fekk øydelagt mykje av bøane sine.

Denne nye Leirno bru — er den 4. i manns minne. Den 3. står ennå, og vert brukt inntil nyebrua vert føyreklar.

Det er ei flott og god bru statskraftverka har sett opp her. Den er laga av såfalla spennebetongs-bjelkar, og det prinsippet går i fortheit ut på at i kvar bjelke (forstålings-forma) vert det oppspendt ein del wire som skal halda eit spenn på omlag 10-20 tonn — alt etter som. Så vert desse sterke wirane støypt inn — og ein har fått ein spentibetong bjelke.

Desse bjelkane pleier å vera varskildle å arbeida med, då dei kan gå fund om ein
ikkje handterar dei rett.



Endefundament — Leirno Bru.

Firma Gjerme og Hårflau på Voss er det som har montert brua. Dei gjorde ein god jobb med å frakta dei kolosale bjelkane til brua — dei minste veg 15 tonn, dei største 27 tonn!

Silfaman er Leirno Bru på 57 meter, og er ei moderne bru, bygd etter alle kunstens reglar. Det er S. Ceg-Henriksen som har hatt hovudentreprisen på bygget, med statskraftverka som byggjerre.

Anleggsleiar for denne brua har vore Fridtjof Mjønes, Ceg-Henriksen. Det er verkeleg ei stasbru dei har fått over Leirdøla nå — ein får berre vona at Brimfjelen held seg i ro.

Ferdigbetong til fundament og dekke, er levert av Vigdal Betong.

* * *